



## VENNEBUSSEN

### **Vennebussen**

Mob. 951 92 616 (mellom 08.00 – 15.30)

### **Skavøypoll barnehage**

V/styrar Janne Halsør tlf. 57 84 53 61 / 990 28 763

### **Skavøypoll barnehage**

V/sjåfør Magnar Bakke tlf. 944 87 404 (berre viss du ikkje får kontakt med Vennebussen)

## OM BUSSEN

- Bussen har 24 sitjeplassar + guidestol + sjåføren. Den er på vegen kvar dag, og er ein mobil avdeling for barnehagen. Bussen reiser frå Skavøypoll barnehage rundt kl. 0900. Bussen er tilbake i barnehagen rundt kl. 1500.
- To og to seter er sett mot kvarandre, med eit bord i midten. Ved å senke ned borda, kan det lagast til kvile/soveplassar. Bussen har ein kjøkkendel med vask, arbeidsbenk, og kjøkkenredskap. Der er òg koppar, tallerknar og bestikk.
- Bak i bussen er eit toalett og stellebord. Rett inn for bakdøra er det skohyller som ein set skoa i. Vi har òg ein lesestol heilt bakerst i bussen!

## RUTINER PÅ BUSSEN

- Gå inn bakdøra til bussen.
- Utesko skal setjast i skohyllene, og vi skal ikkje gå inne i bussen med dei.
- Innestemme på bussen.
- Alle skal ha på sikkerheitsele under køyring, og sjåføren seier frå når selen kan takast av.
- Sitje på plassane sine til ein får beskjed om å kome. Ikkje lov til å stå i seta når ein ventar.

## FORSLAG TIL TURMÅL

- Ridevegen på Almenningsfjellet, Sørpoljen, Austedalen, base i Almenningen m.fl.
- Mot Vest: Kannesteinen, skulen i Vågsvåg.
- Nord-Vågsøy; Sætrasanden, basen på Halsør, Refviksanden. Vedviksanden, skulen på Kvalheim, Mehuken, radaren på Kvalheimsfjellet m.fl.
- Måløy; biblioteket, turløypene (ikkje buss opp)
- Turløype i Osmundsvågen, Hendanesfyret m.fl.
- Totland/Bryggja: Noranakkjen, lysløypa, Lefdalsvatnet, Sørholmen (Fjordly), Vassdalsvatnet, Hjortefarmen m.fl.
- Barnas turlag sine postar i heile kommunen.

## UTSTYR

Utstyr som er tilgjengelig for bruk på Vennebussen:

- Tv, cd, dvd
- Mikrofon
- Microovn
- Kjøleskap
- Kopper, fat, bestikk
- Tørkeskap
- Toalett
- Kjøkkenbenk med vask
- Soveplasser
- Kose/lese stol bakerst i bussen

For bruk utanfor buss:

- Ett lite magebelte med div. plaster og renseklyter ved eventuelle sår og kutt
- Steiketakke til bål
- Sitteunderlag (20 stk)
- Refleksvester (19 barnestr, 5 voksen str)
- Redningsvester (15 stk)

- Spyle muligheter for skitne regnkle
- leikebøtter 7 stk, leikespader 6 stk
- Fotball

## I BUSSEN

Barna har blitt plassert og set seg ned i setet. Dei må alle ha på seg sikkerhetsbeltet. Vi har tre reglar ein må følgje i bussen:

- Sikkerhetsbeltet skal alltid vere på, til ein av dei vaksne/bussjåføren seier ein kan ta det av.
- Vi brukar innestemme.
- Ein har hendene og føtene for oss sjølve, for då blir det ikkje konflikhtar.

Dei barna som lett kan bli bilsjuke, set ein med ansiktet framover. Dette har gått veldig fint hittil og vi har hatt ingen som har blitt skikkelig bilsjuke.

**Plasseringen av vaksne** i bussen, er bussjåføren fremst, ein vaksen på fremste rad med ansiktet bakover i bussen, og ein vaksen på rada bakerst før kjøkkenet med ansikt framover bussen. Dette for å vere strategisk plasserte om ein nødsituasjon skulle oppstå (det kan vere barn som sit heilt bakerst i bussen også, men ved å sitte bakerst på rada før kjøkkenet, så vil ein ha kontroll på dei heilt bakerst også).

**På vei inn i bussen:** Når vi har kome ned til bussen, tar vi av oss sekkane og legg dei i ei av kassene. Deretter set ein seg ned på kanten og ventar på å bli ropt opp. Her går to og to inn og sett seg på trappa ved inngangen bak. Her tar ein av seg sko/støvlar og sett seg fint inn i setet og ventar på å bli festa med sikkerhetsbeltet.

Plassering: Bussjåfør står inne, 1 vaksen som assisterar med sko/støvlar og 1 vaksen som passsar på dei som er ute å ventar.

**På vei ut av bussen:** Når vi skal ut av bussen, har vi ikkje lov å ta av sikkerhetsbeltet før ein vaksen/bussjåføren har gitt oss lov til det.

Ein vaksen går ut først, tar med seg 2 barn på vegen, så dei kan begynne å ta på seg sko/støvlar i trappa (om ein må ha på seg regnkle, så finn den vaksne fram det og lar barna ta dei på seg ilag med støvlar i trappa).

Når ein har kome ut av bussen, hentar ein sekken sin og stiller seg opp inn til bussen/gjerdet/veggen.

### **Kva «får» vi ved å vere med Vennebussen:**

- Unike moglegheiter til å gje barna rike opplevingar.
- Fokus på undring og nysgjerrigheit i naturen.
- Erfaring gjennom aktivitet i fjæra, på fjellet eller i skogen.
- Mange og varierte meistringsopplevingar; «eg klare!».
- Mykje uteliv; aktivitet året igjennom. Kva skjer i dei ulike årstidene?
- Bli kjent og glad i heile kommunen vår.
- Få respekt for naturen og dyrelivet. Halde det reint og ryddig rundt oss. Lære korleis vi skal oppføre oss i naturen.
- Lage mat ute; på bål og på panne. Respekt for ild.
- Annleis opplevingar enn i barnehagen.
- Tettare samver mellom barna og mellom barna og dei vaksne.

- Trygg måte å kome oss rundt omkring på.

## **KLE**

Det er viktig at vi har med oss nok kle når vi er på tur. Vi ønsker derfor at barna til ein kvar tid har eit klesskift tilgjengelig i skuffa si. Vi har laga ei liste over kva barna SKAL ha i skuffa si, slik at når noko blir sendt heim, er det enkelt for dykk å vite kva som manglar til neste dag og kan ta det med tilbake.

### **Vi treng i bagen vår:**

2 stk. truser

2 stk. sokkar (tjukke sokkar + vanlig)

1 t-skjorte

1 stk. bukse

1 stk. gensar

+ ullundertøy

(Huer og votter må også til når vér og månad tilseier det)

## **UTLÅNSRUTINER**

På utlånsdagen må barnehagen vi kjem til stille med ein tilsett som blir ein del av vår bemanning, og erstattar Magnar som fylgjer bussen.

Utlån av bussen ein gang i mnd (unntatt desember og juli).

Det blir ca. 2 utlån pr barnehage i året:

### **Årshjul 2014**

Januar: Skarevik

Februar: Skramsmarka

Mars: Trollskogen

April: Holvik

Mai: Fjordly

Juni: Skarevik

August: Skramsmarka

September: Trollskogen

Oktober: Holvik

November: Fjordly

### **På- og avstigning**

Skarevik: Busshaldeplassen ved Raudeberg skule

Trollskogen: Under brua

Fjordly: På parkeringsplassen ved barnehagen

Holvik: På nedsida av barnehagen (busslomma)

Skramsmarka: Ovanfor Røde kors-huset

## **TRAFIKKULYKKE**

### **VURDERE kor alvorleg ulykka er?**

- Om barna kan bli i bussen eller må dei samlast på ein trygg stad.

## **ANSVAR**

- Bussjåfør har ansvar for ev. varsling til politi, ambulanse og brannbil. Ein anna vaksen gjer dette om bussjåføren ikkje kan.
- Resten av personalet får ev. barna på ein trygg stad, og varslar barnehagen.

## **BARNEHAGEBUSSEN KJEM FYRST TIL EIN ULYKKESTAD**

- Bussjåføren ringer nød-nummeret.
- Vurdere om bussen må vekk frå området.
- Bussjåfør og evt. ein vaksen går til ulykkestaden.
- Ein vaksen vert i bussen i lag med barna. Gje beskjed til barnehagen.
- Barnehagelærer informere foreldre om hendinga.
- Tilby krisehjelp til barn og vaksne.

## **BARNEHAGEBUSSEN VERT INVOLVERT I EIN ULYKKE**

- Vurdere ulykka. Evt. må barn og vaksne evakuere til ein trygg stad utanfor bussen.
- Bussjåfør ringer nødnummeret. Barnehagelærer ringer om bussjåfør ikkje kan.
- Barnehagelærer ringer barnehagen.
- Barnehagelærer og ev. assistent er i lag med barna der dei er.
- Barnehagelærer informere foreldre om hendinga.
- Tilby krisehjelp til barn og vaksne.

## **HANDLINGSPLAN DERSOM BARN KJEM VEKK**

- FØREBYGGING VIKTIGAST!
- TREN MED BARN!
- På tur til spesielle tilstelningar har vi ansvar for kvar våre barn (lag liste).
- Alltid ein vaksen sist og ein først og ein i midten av barnegruppa når vi går på tur.
- Vi ropar, gjer signal med bjella el. fløyta, gje signal jamnt.
- Leitar der vi sist observerte barnet.
- Kven såg barnet sist, og spør dei andre barna.
- Samlar alle borna, og lar ein vaksen vere med dei.
- Dei andre vaksne leitar ut i frå basen, fram og tilbake.
- Ha løpande kontakt med kvarandre helst mobil.tlf.
- Ring barnehagen, styrar, etter 5-10 minutt varsle 112 etter hjelp og ringe etter foreldre
- Spørre kva dei andre borna huska om kor barnet har vore.
- Kor var vi når vi mista barnet, markere der vi var.
- Nøyaktig kor vart barnet observert sist.
- Finst det nokon andre som kan vite kor barnet er? Forbipasserande
- Korleis var barnet kledd?
- Har vi tatt bilde av barnet nettopp?
- Korleis er barnets helsetilstand?
- Korleis var barnets sinnsstemning?
- Kva har vi av egne teoriar
- Kva kan barnet ha øvd på når det gjeld å ikkje finne tilbake??
- Kva har vi vaksne sagt dersom borna roter seg bort?
- Kven var med i gruppa?

## **NÅR BARNET ER KOME TILRETTE**

- Ring å varsle politi, foreldra og barnehagen.
- Dokumenter, skriv rapport.
- Samtale om situasjonen, bearbeiding.
- Gå gjennom handlingsplanen, fungerte det?